



## Statens vegvesen

Gro Skog  
Seimsstranda 346  
5912 SEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:  
2014/146137-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
19.12.2014

### **Svar på brev med søknad om dispensasjon frå byggegrense - Oppføring av garasje - fv. 401 - gnr. 175 bnr. 12 - Lindås kommune**

Vi viser til søknaden din datert 24. november 2014 som gjeld søknad om dispensasjon frå krav om byggegrense mot fylkesveg, § 30 i veglova.

#### **Opplysningar om saksgang**

Før Statens vegvesen handsamar søknader etter veglova skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova. Gnr. 175 bnr. 12 er vist som landbruks-, natur og friluftsområde (LNF) i kommuneplanens arealdel. Oppføring av garasje er ikkje i samsvar med LNF-føremålet. Det er kommunen som planmynde som skal handsame spørsmålet om dispensasjon frå LNF-føremålet. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde. Nedanfor følgjer ei førehandsuttale til dispensasjonsaka som kan nyttast i handsaming av saka etter plan- og bygningslova.

#### **Førehandsuttale til handsaming etter plan- og bygningslova**

Det er søkt om oppføring av garasje som på vedlagt kart er vist med ein avstand på 9 meter frå næraste vegg til vegmidte (vår referanse hp 1 km 3,485). I rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i region vest er vegen klassifisert med haldningsklasse 4. Det vil seie at byggegrensa er 15 meter frå vegmidte for nye bygg. Det er likevel høve til å ta omsyn til at det er andre bygg i nærleiken med tilsvarande avstand til veg dersom ikkje omsynet til veginteressene talar mot ein slik dispensasjon.

For å få dispensasjon i denne saka tilrår vi at garasjen blir bygd slik at næraste vegg blir 10 meter frå vegmidte. Innkjøringa til garasjen må ikkje vere på nedsida mot veg og eksisterande avkjørsel må nyttast.

Dersom vår tilråding vert lagt til grunn ved kommunen si handsaminga av dispensasjonssaka etter plan- og bygningslova har vi ingen merknadar til denne.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

**Vidare saksgang for handsaming av saka etter veglova**

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg etter veglova § 30 til kommunen har fatta vedtak etter plan- og bygningslova. Det må då sendast ny søknad til oss med kartvedlegg som viser godkjent plassering av bygga. Ta med referanse til dette brevet i søknaden (vår ref: 2014/146137).

plan- og forvaltningsseksjonen  
Med helsing

*Sindre Lilleleik*

*for*

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

*Kari Elster Moen*

Kari Elster Moen  
overingeniør

Kopi: Lindås kommune (e-post)